


Kultursektoren



Det kongelige kultur- og kirke departement
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Arkivkode
C60 &13

Vår ref.
07/132 - Brattåker

Dykkar ref.

Dato
25.04.2007


MELDING OM VEDTAK - BIBLIOTEKREFORM 2014 - HØYRING

Frå møte i Formannskapet den 23.04.2007, saksnr 45/07.
Nedanfor følger utskrift av vedtaket:

Vedtak:

Ål formannskap vedtek å sende svar på høyringa Bibliotekreform 2014 til Kultur- og kyrkjedepartementet i tråd med vedlagte høyringssvar.

Med helsing


Aslaug Brattåker
biblioteksjef

Kopi til:
Sakshandsamar for orientering/oppfølging

Telefon: 32 08 50 00
Faks: 32 08 50 99

E-post: postmottak@aal.kommune.no
Internett: <http://aal.kommune.no>

Bankgiro: 2320 20 29531
Bankgiro skatt: 7855 05 06199
Organisasjons nr: 864 952 992



HALLINGDAL

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 45/07

Arkivsaksnr: 07/132

Arkivkode: C60 &13

Sakshandsamar: Aslaug Brattåker

Saksnummer	Utval	Møtedato
45/07	Formannskapet	23.04.2007

BIBLIOTEKREFORM 2014 - HØYRING

Saka vert avgjort av:
Formannskapet

Vedlegg:

Dokument i saka:

Det kongelege kultur- og kyrkjedepartement: Høyringsbrev 05.01.07 – ”Bibliotekreform 2014”.

Bibliotekreform 2014. Del I: Strategier og tiltak.

Bibliotekreform 2014. Del II: Norgesbiblioteket – nettverk for kunnskap og kultur.

Saksopplysningar:

Utdannings- og forskingsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet fastsette i 2004 eit mandat for utgreiing av eit samla bibliotekfelt. Mandatet for utgreiinga vart utforma i samsvar med St. meld. nr. 48 (2002-2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*.

ABM-utvikling - Statens senter for arkiv, bibliotek og museum – har stått for utgreiinga.

Dei tre viktigaste elementa i bibliotekreformen er:

- 1 Felles nasjonale digitale tenester:
Ved å utvikle eit digitalt bibliotek skal alle lett få tilgjenge til kunnskap og kultur. Dette krev samarbeid mellom biblioteka og nasjonal koordinering og finansiering.
- 2 Norgesbiblioteket - nettverket av bibliotek i Norge:
Målet er at innbyggjarar i alle kommunar, små som store, skal få bibliotektenester av same omfang og kvalitet. Styrkinga skal skje gjennom samarbeid og samordningar - konsolidering - til sterkare einingar med breiare tenestetilbod.
- 3 Kompetanseutvikling for tilsette:
Føremålet er å styrkje og fornye kompetansen i biblioteksektoren. Bibliotekforskning skal gje ny kunnskap.

Dessutan skal det fysiske biblioteket vidareutviklast som ein stad for læring og kulturformidling og som ein stad for integrering og kulturelt mangfald. Biblioteka skal i større grad vera eit unikt og synleg tilbod overalt der brukarane er: på nettet, i forskning og undervisning og på det lokale biblioteket. For heile biblioteksaka er det viktig å få med alle biblioteka, både grunnskulen, vidaregåande og fag- og forskningsbiblioteka.

I høyringsbrevet vert det spesielt bede om fråsegn knytt til framlegga om endringar i biblioteklova, eit norsk digitalt bibliotek og konsolidering innan biblioteksektoren.

Departementet ber vidare om at ein nyttar følgjande mal for høyringsfråsegna:

1. Generelle kommentarar
2. Kommentarar til dei einskilde framlegga
3. Evt. andre kommentarar

Kommunane Hemsedal, Hol, Nes og Ål har i fellesskap utarbeidd eit høyringssvar til utgreiinga *Bibliotekreform 2014*.

Høyringsfristen er 01.05.07.

Forhold til overordna plan:

Ingen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert

Vurdering:

Hallingdalsregionen består av 6 mindre kommunar med til saman ca 20.000 innbyggjarar og meir enn 10 mil mellom ytterpunktene. Biblioteka i regionen har lang tradisjon for godt samarbeid; eit frivillig samarbeid mellom likeverdige bibliotek basert på kontinuerleg fagleg utvikling i samspel med lokalmiljøet.

I samband med at fleire av biblioteka i 1999 stod framfor skifte/oppgradering av biblioteksystem, valde 5 av biblioteka å utarbeide samarbeidsavtale og ta i bruk eit felles biblioteksystem. Samstundes ynskte ein å vurdere rutinar og tenestetilbod. Å stå fram som eitt bibliotek med omsyn til service og tilgang på litteratur var eit hovudmål. Biblioteka søkte om, og fekk, statlege og fylkeskommunale tilskot til *Bibliotekprosjekt Hallingdal (1999-2001)*.

I 2001-2002 fekk ein nye tilskot, denne gongen til *Bibliotekband Hallingdal*, eit prosjekt der føremålet var utnytting av breibandteknologi og videokonferansesystem til andre former for samspel mellom biblioteka og publikum.

Etter kvart kom den sjette kommunen, Flå, med.

Boksamlinga i Hallingdal museum, avd. Nes vart også registrert i biblioteka sin fellesbase.

Som døme på vellukka interkommunalt samarbeid er prosjekta nemnde i *Bibliotekreform 2014*. Fleire andre større og mindre eksempel er òg trekte fram; sjølvstendige bibliotek som har gått saman i arbeidet med å utvikle biblioteka - i kryssingspunktet mellom faglege kvalitetskrav og lokale behov.

Også når det gjeld samarbeid mellom folke- og skulebibliotek har hallingdalsbiblioteka lange tradisjonar. I fire av kommunane er hovudbiblioteka kombinasjonsbibliotek, tre saman med grunnskular og eitt saman med ungdomsskule og vidaregåande skule. To filialar er òg kombinasjonsbibliotek med grunnskule.

I små kommunar er kombinasjonsbiblioteket ei god løysing. Samstundes som nærleiken til brukarane og kunnskapen om lokalmiljøet vert oppretthalde, blir dei samla bibliotekressursane utnytta betre og det faglege miljøet større. Føresetnaden er at dei ulike brukargruppene sine behov vert stetta, både når det gjeld oppbygging av samlingane, den fysiske utforminga og plasseringa av biblioteket.

I dei fleste hallingdalskommunane finst lokalhistoriske arkiv og musé.

Muséa vart konsoliderte i 2004 i stiftinga Hallingdal museum. Administrasjonen vart lagt til avdelinga på Nesbyen, tidlegare Hallingdal folkemuseum. Konsolideringsprosessen var langvarig og krevjande. Alle andre arbeidsoppgåver måtte leggjast til side medan prosessen vart gjennomført. Fagleg arbeid hopa seg opp, dei tilsette vart frustrerte og brukarane fekk eit dårlegare tilbod. Grunna store avstandar og manglande kunnskap om dei ulike einingane og lokalsamfunna dei er ein del av, er kommunikasjonen vanskeleg, både mellom administrasjonen og einingane og mellom dei einskilde einingane. Kjensla av eigarskap i høve til det lokale muséet er ikkje lenger så sterk og engasjementet i lokalmiljøet er mindre.

Dei lokalhistoriske arkiva er viktige institusjonar i lokalsamfunna i Hallingdal. Fleire av arkiva har lokale i nær tilknytning til det kommunale biblioteket. Tilhøva ligg difor til rette for samarbeid og ressursutnytting.

Eit eksempel på samarbeid mellom bibliotek, skule og bygdamuseum i Ål kommune var prosjektet *Heimbygda - ein refleks av landet og verda* (1999-2002), eitt av sju i paraplyprosjektet *Skjermkontakt med lokalhistorien*. Nettstaden var eit svar på utfordringar og moglegheiter som mange lokalsamfunn møter i dag - brytingar mellom nytt og gammalt, lokal og global kultur og formidling av kulturarv gjennom digitalisering. Samarbeidet kom i gang etter initiativ frå biblioteksjefen og fekk stønad frå stat, fylke og kommune. Etter at prosjektet vart avslutta, har Ål bibliotek framleis ansvaret for drift, redigering og utvikling av nettstaden.

Eit anna døme er emnefordelingsplanen utarbeidd av biblioteka i Hallingdal i samband med Bibliotekprosjekt Hallingdal. Planen, til bruk ved samlingsutvikling og kompetansebygging, vart samordna med eit framlegg til emnefordeling mellom muséa i Hallingdal.

I St.meld.nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* peikar ein på i kva grad arkiv, bibliotek og museum har samanfallande oppgåver. Dei skal vera samfunns- og kulturinstitusjonar, møteplassar, historieforteljarar og det kollektive minnet vårt. Dei skal vera "*informasjons-, dokumentasjons- og kunnskapsbankar som skal tene eit kontinuerleg demokratiprojekt.*"

Demokrati spring ut av lokalt engasjement. Nærleik og eigarskap til ikkje-kommersielle institusjonar i lokalsamfunnet er viktig.

Generelle kommentarar:

Bibliotekreform 2014 er ei grundig, velformulert og velredigert utgreiing. Dokumentet gjev viktig informasjon om dagens norske biblioteklandskap og peikar på mange og store utfordringar. Det inneheldt gode målsettingar, strategiar og tidfesta tiltak. Men det er ikkje alltid samsvar mellom måla ein vil oppnå og dei strategiane/tiltaka ein foreslår. Dette er mest tydeleg i framlegget om konsolidering av biblioteka - eit framlegg som liknar meir på ei moteprega tvangstrøye enn ei styrking av biblioteket som demokratisk møteplass og fysisk arena for kunnskap, kultur og skapande verksemd i lokalsamfunnet.

Kommentarar til einssilde framlegg/framheving av viktige moment:

Målområde 1

Norgesbiblioteket - innhald og tenester:

1.1 Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester

- Iverksetting av Norsk digitalt bibliotek er heilt nødvendig. Satsinga må finansierast gjennom auka tilskot - og utan at det fører til nedskjeringar på andre område innan bibliotekverksemda.
- Tilgjenge til sentrale digitale kunnskapskjelder må forhandlast fram sentralt.
- Opphavsrettslege spørsmål må vera avklara.

1.2 Digitalisere viktige innhaldsressursar

- Lokal samordning når det gjeld digitalisering av materiale i arkiv, bibliotek og museum er viktig. Eit godt døme er nettstaden *Heimbygda.no*. (sjå *Vurdering*, s.3)

1.3 Utvikle nye digitale tenester

- Oppbygging og formidling av det digitale biblioteket må gå føre seg parallelt med utviklinga av det fysiske biblioteket.
- Biblioteka sine tilbod må til ei kvar tid vera teknologisk oppdatert - både når det gjeld ny teknologi generelt og sosial teknologi spesielt.

1.4 Vidareutvikle biblioteket som læringsarena og læringsressurs

- Kultur- og kunnskapsressursane i arkiv, bibliotek og museum må synleggjerast i digitale læringsplattformer.
- Samarbeid mellom lokale folke- og skulebibliotek om t.d. felles katalog vil gje brukarane lettare tilgang til samla ressursar i lokalmiljøet.
- Samarbeid mellom folkebibliotek og skule om utvikling av informasjonskompetansen hjå elevane vil kunne føre til betre utnytting av bibliotekfaglege og pedagogiske ressursar.
- Alle bibliotek må kunne tilby brukarane oppdatert IKT-utstyr og raskt trådløst nettverk.
- Dei tilsette må ha kompetanse til å gje kyndig rettleiing i bruk av media og utstyr.
- Biblioteket må ha lokale og opningstider som gjer det til den beste aktøren i arbeidet med å utjamne digitale skilje i befolkninga.

1.5 Vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga i biblioteka.

- Biblioteka si oppgåve som formidlar av litteratur til barn.
- Ei utviding av innkjøpsordningane er positiv. Tildelinga av *pakker* frå Norsk kulturfond bør skje i samråd med dei biblioteka som skal ta i mot dei.
- Leseombod – ettersom funksjonell analfabetisme er aukande, blir behovet for inspirasjon og fokus på lesetrening og lesehjelp viktigare.

1.6 Styrke biblioteka som bidragsytar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald.

- Språkopplæring - ingen institusjon er nærare til systematisk og frivillig språkopplæring enn biblioteka med fleire slag media, både trykt og lyd.

Målområde 2

Norgesbiblioteket - struktur og organisering

2.1 Styrke og utvikle dei organisatoriske einingane i Noregsbiblioteket.

- Ein kan ikkje sjå framlegget om konsolidering som noko anna enn eit forsøk på å presse biblioteka inn i ein på førehand definert struktur, ein struktur som ikkje på noko vis har teke utgangspunkt i det norske biblioteklandskapet og utfordringane der, men derimot i ein generell og "moteriktig" modell for omorganisering av offentleg sektor. Måla om at biblioteksektoren i 2014 skal vera eit samhandlande nettverk av sterke og kompetente bibliotek kan ein nå ved å gå andre vegar. I utgreiinga er det synt til fleire spennande og framtidsretta samarbeidsprosjekt, m.a. *Bibliotekprosjekt Hallingdal* (sjå *Vurdering*). For folkebiblioteka i Hallingdal bør vegen framover vera eit fortsatt samarbeid mellom sjølvstendige bibliotek. Røynsler frå både uorganisert og organisert samarbeid gjennom mange år syner at dette sikrar ei dynamisk utvikling, open for medverknad frå brukarane, lokale institusjonar og friviljuge organisasjonar. Med fylkesbiblioteket som medhjelpar og utviklingsaktør vil ein kunne utvikle ein bibliotekpolitikk tilpassa dei ulike lokalsamfunna.

Utvikling av skulebiblioteka må samordnast med den kontinuerlege utviklinga av annan bibliotekverksemd i kommunen.

2.2 Vidareutvikle det fysiske biblioteket.

- Biblioteka er viktige offentlege møteplassar. Stimulering av ny bibliotekarkitektur vil bidra til at biblioteka også på det viset vil vera ein kulturformidlar i lokalsamfunnet.
- Investeringsprogrammet må ikkje øyremerkast konsoliderte bibliotek, men omfatte alle typar bibliotek - i små kommunar gjerne i samarbeid med t.d. skular og andre abm-institusjonar.

2.3 Utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Noregsbibliotek.

- Ei landsomfattande transportordning med utgangspunkt i ein kombinasjon av ulike regionale transportløysingar og ei nasjonal overbygging vil vera eit stort framsteg for bibliotek i distrikta.
- Det er eit klårt behov for å samordne biblioteklova slik at alle offentlege bibliotek vert delar av eitt nettverk som kan gje innbyggjarane tilgjenge til dei samla bibliotekressursane.
- Felles profilering av biblioteka kan bidra til å gjera bibliotektilboda kjente. Venteleg vil det føre til klårare forventningar om innhald og tenester - noko som igjen vil leggje eit positivt press på tilsette og politikarar.

2.4 Utvikle reiskap og metodar til evaluering og kvalitetsheving av verksemda i biblioteka.

- Verktøy og metodar må vera slik at dei kan nyttast både av små og store bibliotek.
- Gode og dårlege eksempel frå ulike bibliotekfaglege prosjekt må vera lett tilgjengelege, t.d. i ein digital erfaringsbrønn.

Målområde 3

Norgesbiblioteket - kompetanse og forskning

3.1 Fornye den samla kompetansen i biblioteksektoren.

- Eit program for kompetanseutvikling må omfatte tilsette i alle bibliotek og ikkje vera gulrot/pisk for å tvinge fram ei konsolidering. På same vis som ved kunnskapsløftet i skulen må bibliotekteigarane få tildelt middel til kompetanseutvikling. Ein må "investere i et betydelig

kompetanseløft for å realisere de sentrale målsettingene som er varslet". (Innst.S.nr. 268 (2003-2004). I kombinasjonsbibliotek og ved samarbeid med skular må kompetanseutvikling i biblioteka sjåast i samanheng med "*kunnskapsløftet*".

- Innføring av lesetid - serleg for bibliotekarar med ansvar for formidling - er nødvendig.

Andre kommentarar (lova):

Ved ei revidering av biblioteklova er fylgjande punkt viktige:

- Målsettinga i noverande folkebiblioteklov må oppretthaldast.
- Gratisprinsippet må ikkje fråvikast.
- Alle kommunar må framleis ha eit folkebibliotek. Biblioteket skal ha fagutdanna biblioteksjef i full stilling.
- I mindre kommunar skal biblioteksjefen ha ansvar for å samordne all folke- og skulebibliotekverksemd og eventuelt samarbeid med andre ABM-institusjonar.
- Alle bibliotek må sikrast tilgjenge til dei same digitale ressursane.
- Biblioteka si rolle som møteplass i eit fleirkulturelt samfunn, aktiv formidlar av informasjon, kunst og kultur, tilretteleggjar for yringsfridom og demokrati bør framhevast. Lokal tilknytning og brukarmedverknad er viktige element.
- Fylkesbiblioteka bør vere utviklingsaktørar og leggje til rette for kompetansebygging og kvalitetsheving i dei kommunale biblioteka.


Prosjektmiddel til lokalt initierte prosjekt må stillast til rådvelde.

Rådmannen si innstilling:

Ål formannskap vedtek å sende svar på høyringa *Bibliotekreform 2014* til Kultur- og kyrkjedepartementet i tråd med vedlagte høyringssvar.

Kultursektoren, 12.04.2007


Trond Kleppen
Rådmann


Aslaug Brattåker
Biblioteksjef